Statsforvaltaren i Vestland

Sted: Leikanger
Dato: 24.06.2021
Vår ref.(oppgi ved svar): 2019/7533
Dykkar ref.: Heidi Kvernenes

VIKING FJORD AS
Flakkavågsvegen 12
5694 Onarheim

Sakshandsamar::
Grete Hamre

Rapport frå revisjon ved Viking Fjord AS
Kontrollnummer: 2021.023.R.SFVL

Kontaktpersonar ved revisjonen:

Frå verksemda:	*Frå Statsforvaltaren i Vestland:*
Heidi Kvernenes, kvalitetsleiar	Grete Hamre
Hans Helge Vik, dagleg leiar	Sissel Storebø
Hans Einar Holmedal, vedlikehaldsleiar	Anette Heggøy

Resultat frå inspeksjonen
Denne rapporten gjeld resultatet frå revisjonen ved Viking Fjord AS den 9. og 10. juni 2021. Rapporten er å sjå på som endeleg dersom vi ikkje får tilbakemelding om faktiske feil innan to veker etter at han er motteken.

Statsforvaltaren i Vestland avdekka 4 avvik og ga 1 merknader under revisjonen.

Avvik:
- Verksemda har manglar ved internkontrollen
- Verksemda har manglar ved utsleppskontrollen
- Verksemda har manglar knytte til handtering og rapportering av avfall
- Verksemda har manglar ved kjemikaliehandteringa

Merknader:
- Verksemda har ikkje oversikt over kven som er sluttmottakar av organisk avfall

Avvik og merknader er nærare omtalte frå side 5 og utover i rapporten.

Oppfølginga etter inspeksjonen er nærare omtalt på side 4.

Sissel Storebø
seksjonsleiar

Grete Hamre
revisjonsleiar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til: Kvinnherad kommune

1. Informasjon om den reviderte verksemda

Ansvarleg eining

Namn: VIKING FJORD AS	
Organisasjonsnr.: 979768273	**Eigd av:** 979700121
Bransjenr. (NACE-kode): 10.209 - Bearbeiding og konservering av fisk og fiskevarer ellers	

Kontrollert eining

Namn: Viking Fjord AS	**Anleggsnr.:** 4617.0014.01
Kommune: Kvinnherad	**Fylke:** Vestland
Anleggsaktivitet: Fiskeforedling	
Løyve gitt: 21. mai 2013	**Sist endra:**

2. Bakgrunn for revisjonen

Revisjonen er ein del av den planlagde tilsynsaktiviteten til Statsforvaltaren i Vestland for 2021. Revisjonen vart gjennomført med heimel i forureiningslova § 48.

Mål

Målet med revisjonen var å vurdere om det systematiske helse-, miljø- og tryggleiksarbeidet ved verksemda fungerer tilfredsstillande når det gjeld det ytre miljøet. Det vil seie å vurdere om verksemda sin internkontroll er i samsvar med krava i internkontrollforskrifta § 5 andre ledd pkt. 1-8, og om verksemda ved systematisk arbeid i praksis følgjer opp lover, forskrifter, utsleppsløyve og eigne rutinar og prosedyrar som kan ha noko å seie for det ytre miljøet. Statsforvaltaren har særleg sett på område som er viktige for:

- om verksemda sitt system for internkontroll er tilfredsstillande og dekkande
- om aktivitetar vert gjennomførte slik dei er nedskrivne og uttalte
- om verksemda når måla sine, og om de driv aktiviteten dykkar både innanfor eigne rammer og rammer som styresmaktene har sett

Metode

Systemrevisjon vil seie ei systematisk gransking av verksemda sin internkontroll for å avgjere om aktivitetar og tilhøyrande resultat samsvarer med kva som er planlagt, om dei vert gjennomførte på ein effektiv måte og om dei er tenlege for å oppnå måla.

Revisjonen vart gjennomført ved å:

- granske dokument
- intervjue leiing og personar på ulike nivå i organisasjonen
- verifisere (ved stikkprøvekontroll) om rutinar, prosedyrar og instruksar vert følgde opp i praksis

Inspeksjonstema

- Internkontroll
- Prosess og reinseutstyr
- Utslepp til vatn
- Avfall inkl. avfallsplan for hamna
- Handtering av kjemikal

Rapport

Rapporten gjeld avvik og merknader som vart avdekka under revisjonen. Han gir ingen fullstendig tilstandsvurdering av miljøarbeidet eller miljøstatusen til verksemda.

Definisjonar

- **Avvik:** Manglande etterleving av krav fastsette i eller med heimel i lov.
- **Merknad:** Eit tilhøve som tilsynsetatane meiner det er naudsynt å peike på for å ivareta ytre miljø, men som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.
- **Andre tilhøve:** Saker som kom fram under revisjonen og som det kan vere nyttig for verksemda og sakshandsamarar å kjenne til. Informasjon om verksemda og kommentarar til tema som vart tekne opp under revisjonen, men som ikkje vart klassifiserte som avvik eller merknader, kan også inngå her.

3. Oppfølging etter revisjonen

Viking Fjord AS pliktar å rette opp avvika som er omtalte i denne rapporten så snart som råd og innan **1. september 2021.** Statsforvaltaren føreset at tilhøva vert retta opp slik at verksemda vert driven i samsvar med krava som er fastsette i eller med heimel i forureiningslova og produktkontrollova § 3a).

4. Vedtak om gebyr

Verksemder skal betale gebyr for kontrollar utførte av Statsforvaltaren i samsvar med § 39-3 i forureiningsforskrifta. Gebyret skal dekke kostnader med førebuing, gjennomføring og oppfølging av kontrollen. Gebyrsatsar for kontroll av verksemder etter forureiningslova er fastsette i forureiningsforskrifta § 39-8.

Vi viser til informasjon og varsel om gebyrplikt som vart gitt til verksemda i revisjonsvarselet. 21. mai 2021.

Ut frå forventa ressursbruk, må Viking Fjord AS betale eit gebyr på 101 500 kroner for revisjonen, jf. forureiningsforskrifta § 39-8. Dette svarer til gebyrsats 4 for fleirdagstilsyn. Miljødirektoratet vil sende dykk ein faktura for innbetaling til statskassa. Statsforvaltaren viser elles til forureiningsforskrifta kapittel 39 om innkrevjing av gebyr til statskassa.

Klagerett

Vedtaket om gebyr kan klagast på til Miljødirektoratet innan tre veker, jf. §§ 28 og 29 i forvaltningslova. Ein eventuell klage bør vere skriftleg grunngjeven og adressert til Miljødirektoratet, men han skal sendast via Statsforvaltaren i Vestland. Statsforvaltaren vil vurdere endring av vedtaket eller sende saka vidare til Miljødirektoratet for endeleg vedtak. Gebyret som er fastsett ovanfor, må likevel betalast inn. Dersom Miljødirektoratet tek klagen til følgje, vil for mykje innbetalt beløp bli refundert.

5. Innsyn

Denne rapporten vil vere offentleg tilgjengeleg via postjournalen til Statsforvaltaren i Vestland (jf. offentleglova).

6. Avvik

Vi fann følgjande avvik under revisjonen:

Avvik 1
Verksemda har manglar ved internkontrollen

Avvik frå:
Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskrifta), § 5 andre ledd, punkt 1-2 og 6-7.

Kommentar til regelverket: Internkontrollen skal gi systematisk forbetring og verne ytre miljø mot forureining og sikre ei betre handtering av avfall. Han skal dokumenterast i den forma og det omfanget som er naudsynt på bakgrunn av verksemda sin art, aktivitetar, risikotilhøve og storleik, jf. § 5. Internkontrollen skal sikre at verksemda kjenner til det regelverket som gjeld for aktiviteten sin, og at de har rutinar som sikrar at krava som er gitt i eller med heimel i helse-, miljø- og tryggleiksregelverket vert haldne. Arbeidet skal dokumenterast skriftleg for punkta 4-8.

a. Oversikt over lovverk og krav - § 5, 2. ledd punkt 1

Verksemda skal ha oversikt over og halde seg oppdatert på dei lover, forskrifter og krav som gjeld for sin aktivitet.

Vi har observert at

- Internkontrollen har ei oversikt (*Offentlige bestemmelser*, ID 4458) med lenker til aktuelle lover og forskrifter. Forureiningsforskrifta med aktuelle kapittel som t.d. kapittel 18 som gjeld tanklagring og kapittel 20 om avfallsplanar i hamner, er ikkje teken med i oversikta. Dette kan ha ført til at de ikkje var kjende med at kaien dykkar er definert som ei hamn og at de difor skal ein ha avfallsplan, sjå avvik 3.

- Verksemda sitt utsleppsløyve er ikkje med i oversikta over regelverk. Det er vilkår i utsleppsløyvet som ikkje fullt ut er stetta, sjå avvik 2.

b. Opplæring - § 5, 2. ledd punkt 2

Verksemda skal sjå til at dei tilsette har tilstrekkeleg kjennskap til det systematiske HMS-arbeidet, og at deira kunnskap og erfaring vert nytta i arbeidet.

Opplæring og medverknad frå alle dei tilsette er viktig for at internkontrollen skal kunne vere eit levande og aktuelt verkemiddel for systematisk forbetringsarbeid.

Vi har observert at

Informasjonsflyt og opplæring kan bli betre. Fleire i organisasjonen var ikkje kjende med at M i HMS står for både arbeidsmiljø og ytre miljø. Operatørar på reinseanlegget var ikkje kjende med at reinseanlegget ikkje oppfyller krava som gjeld utsleppsgrenser i utsleppsløyvet. Dei hadde heller ikkje fått opplæring i korleis avvik skal handterast. Informasjon og opplæring er viktig her sidan det er den områdeansvarlege som skal melde avvik.

Den som handterer farleg avfall, må kjenne til eigenskapane til dei ulike avfallsfraksjonane og korleis desse skal handterast forsvarleg, sjå avvik 3.

c. Risikovurderingar - § 5 andre ledd punkt 6

Verksemda skal kartleggje farar og problem og vurdere miljørisiko på bakgrunn av dette. Ut frå risikobiletet skal verksemda utarbeide tilhøyrande planar og konkrete tiltak for å redusere risikotilhøva. Dette skal dokumenterast skriftleg.

Vi har observert at

Verksemda nyttar eit verktøy for risikovurdering knytt til EQS-kvalitetssystemet. I internkontrollen har de eit dokument kalla «*Begreper og verktøy brukt i risikovurderingen*» (ID 4928) som inneheld definisjonar på sannsynlegheit og konsekvens, risikomatrise og eit beslutningstre. Under revisjonen vart det sagt at risikovurderinga vert gjennomgått ein gong i året, men verksemda har ikkje utarbeidd eigen rutine som omtalar korleis risikovurderinga skal gjennomførast, av kven og kor ofte. Under revisjonen kom det fram at omtale av korleis påvist risiko vert handtert vidare, ligg i EQS-systemet.

Verksemda har ikkje risikovurdert lukt og støy, noko som har vore, og framleis er, årsak til ein del naboklager.

d. Rutinar og avvikshandtering - § 5, 2. ledd punkt 7

Verksemda skal iverksette rutinar for å avdekke, rette opp og forebygge brot på krav fastsette i, eller med heimel i helse-, miljø- og tryggleikslovgjevinga. Dette skal dokumenterast skriftleg.

Vi har observert at

Viking Fjord AS har eit avvikssystem knytt til EQS-kvalitetssystemet. Verksemda har også utarbeidd ein rutine for behandling av avvik (ID 4451) I denne rutinen er det ikkje definert kva som kan vere ytre miljø-avvik.

Det er ikkje ført avvik på at det i desember ikkje vart teke prøve av prosessavløpsvatnet i samsvar med prøveplanen. Driftsavvik knytte til reinseanlegget vert ikkje registrerte som avvik i avvikssystemet t.d. ein sensor som såg ut til å verke men som ikkje gjorde det.

Ikkje alle tilsette har fått opplæring i korleis avvik skal registrerast. Dette gjeld m.a. tilsette ved reinseanlegget.

Verksemda manglar rutinar for reingjering og kalibrering av pH-elektrodar. Slikt utstyr vert rekna for å vere utsleppskritisk måleutstyr.

Verksemda har ikkje utarbeidd eigen rutine for drift av reinseanlegget, de viser i staden til ein prosedyre frå utstyrsleverandøren Xylem.

Verksemda har ikkje utarbeidd rutine for oppsamling organisk materiale frå golv og sluk (korleis/ kor ofte), sjå avvik 2.

I rutinen som heiter *«Behandling av farlig avfall og kjemi» (ID 4485)* er det berre handtering av spillolje som er omtalt. Andre farleg avfalls-fraksjonar som t.d. lysstoffrøyr, sprayboksar, malingsrestar og ev. batteri, er ikkje nemnde, sjå avvik 3.

Avvik 2
Verksemda stettar ikkje alle krava i utsleppsløyvet

Avvik frå:
Utsleppsløyvet vilkår 3.1. og 8.1.

Kommentar til regelverket:
Utslepp til vatn, vilkår 3.1:
Verksemda har følgjande grenseverdiar for utslepp av prosessavløpsvatn: feitt 100 mg/l, biokjemisk oksygenforbruk (BOF_5) 900 mg/l og suspendert stoff (SS) 400 mg/l. Det skal gjerast målingar av prosessavløpsvatnet seks gonger i året.

Energistyringssystem, vilkår 8.1:
Verksemda skal ha eit system for kontinuerleg vurdering av tiltak som kan setjast i verk for oppnå ein mest mogleg energieffektiv produksjon i anlegget. Energistyringssystemet skal vere i samsvar med norsk standard for energileiing og inngå i internkontrollsystemet til verksemda.

Vi har observert at

- Resultata frå målingar av utslepp av suspendert stoff for 2020 viser at utsleppet ligg over grenseverdien. Verksemda har rapportert dette som avvik i eigenkontrollrapporten. Ein gjennomgang av måleresultata for tidlegare år, viser at resultata heile vegen har lege over grensa. Under revisjonen opplyste de at det no er sett i verk tiltak for å redusere utsleppet av SS, m.a. ved å fjerne fiskerestar/slo og anna materiale frå golvet i produksjonslokala slik at desse i minst mogleg grad kjem ned i pumper og i kontakt med prosessavløpsvatnet. Verksemda har også gjort tiltak på bandfilteret, m.a. ved å spyle meir og å endre porestorleiken på filterduken frå 300 µm til 150 µm. Verksemda har ikkje utarbeidd rutine for oppsamling av organisk materiale frå golv og sluk (korleis/ kor ofte).

- Viking Fjord AS har ikkje utarbeidd system for energileiing. Under revisjonen kom det fram at ismaskin, RSW-anlegg og vakuumanlegg er dei innretningane ved anlegget som er mest energikrevjande, men at det elles ikkje er gjennomført systematisk kartlegging av energiforbruket. Verksemda har gjort nokre tiltak for å spare energi m.a. ved å skifte ut lysarmatur med ny teknologi. De har også vurdert å skifte ut vakuumanlegget med ei skrueløysing.

Avvik 3
Verksemda har manglar knytte til handtering og levering av avfall

Avvik frå: Forureiningsforskrifta kapittel 20 Levering og mottak av avfall og lasterestar frå skip og avfallsforskrifta kapittel 11 om farleg avfall.

Kommentar til regelverket:
Avfallsplan for hamna: Forureiningsforskrifta kapittel 20 seier at føremålet med dette regelverket er å sikre etablering og drift av tilfredsstillande mottaksordningar for avfall og lasterestar frå skip, og å syte for at avfall og lasterestar frå skip vert levert til mottaksordning i hamn. Kapittelet gjeld alle norske hamner som normalt har landing av norske og utanlandske skip, medrekna fiskefartøy og fritidsbåtar, eller andre skip som er eigde, eller vert drivne av den norske eller ein utanlandsk stat.

Ei hamn er definert som ein stad eller eit geografisk område utstyrt med innretningar og utstyr som gjer det mogleg å ta i mot skip, inkludert fiskefartøy og fritidsfartøy.

Den hamneansvarlege dvs. den som driv hamna, skal syte for at mottaksordningar for avfall og lasterestar frå skip vert etablerte og drifta i hamna. Mottaksordninga skal vere tilstrekkeleg til å kunne dekke eit normalt behov for levering i hamna.

Den hamneansvarlege pliktar å utarbeide ein avfallsplan i samråd med dei berørte partane. Planen skal utarbeidast i samsvar med Vedlegg I i kapittel 20 i forureiningsforskrifta og med det gjeldande avfallsregelverket. Avfallsplanen skal godkjennast av Statsforvaltaren.

Handtering, lagring og levering av farleg avfall:
Kapittel 11 i avfallsforskrifta seier at farleg avfall skal deklarerast og leverast til godkjent mottak for farleg avfall ein gong i året dersom den totale mengda overstig ein kilo.

Farleg avfall skal takast hand om på ein forsvarleg måte slik at handteringa ikkje fører til forureining eller skade på menneske eller det ytre miljøet. Farleg avfall skal ikkje blandast saman med anna avfall. Ulike typar farleg avfall skal ikkje blandast saman dersom dette kan føre til forureining eller skape problem for den vidare handteringa av avfallet.

Den som handterer farleg avfall, må kjenne til eigenskapane til dei ulike avfallsfraksjonane og korleis desse skal handterast forsvarleg.

Vi har observert at

- Viking Fjord AS har ikkje utarbeidd og fått godkjend avfallsplan for hamna. De var heller ikkje klar over at kaien ved anlegget er definert som ei hamn og at de dermed har krav om avfallsplan (jf. avvik 1 a).

- Det er ikkje deklarert farleg avfall frå Viking Fjord AS sidan 2017, jf. www.avfallsdeklarering.no. Verksemda har elles manglar ved handtering av farleg avfall då sprayboksar og malingsspann vert lagra utandørs saman med skrapmetall og EE-avfall i open container som ikkje er sikra mot tilgjenge frå uvedkommande. Dette avfallet vert levert til Norscrap Vest, avd. Karmøy Stål AS. Verksemda har ein rutine for behandling av avfall. Her står det m.a. at lysstoffrøyr og batteri skal samlast i containerar for dette og leverast til Sim Næring Kvinnherad. Rutinen nemner ikkje korleis sprayboksar skal

handterast. Verksemda må vurdere om sprayboksane er farleg avfall og om lagringa i så fall er forsvarleg ut frå krava i kapittel 11 i avfallsforskrifta. Verksemda må også vurdere om batteria som vert nytta og som også har vorte levert til ein skule i samband med ein innsamlingskonkurranse, er å rekne som farleg avfall.

I rutinen kalla «*Behandling av farlig avfall og kjemi*» (ID 4485) står det m.a. at det ved levering av spillolje vert fylt ut deklarasjonsskjema, og at kopi av skjema blir arkivert i perm for avfall. Under revisjonen kom det fram at spillolje vert levert ved at truckservice-firma tek med seg oljen og leverer til godkjent mottak. På www.avfallsdeklarering.no kan vi ikkje finne at det er deklarert spillolje frå Viking fjord AS.

Avvik 4
Verksemda har manglar knytt til handtering av kjemikal

Avvik frå:
Produktkontrollova § 3a

Kommentar til regelverket:
§ 3a i produktkontrollova seier at verksemder som nyttar produkt med innhald av kjemisk stoff som kan føre til verknad på det ytre miljøet, skal vurdere om det finst alternativ som fører med seg mindre risiko for slik verknad. Verksemda skal i så fall velje dette alternativet dersom det kan skje utan urimeleg kostnad eller ulempe.

Vi har observert at

Viking Fjord AS nyttar EcoOnline for å risikovurdere kjemikal. Verksemda har vurdert og skifta ut ein dorens ut frå faremerkinga på emballasjen, men de har ikkje gjennomført ei systematisk vurdering av kjemikala som er registrerte i databasen for å finne ut om det finst alternativ som fører med seg mindre miljørisiko.

7. Merknader

Vi gav følgjande merknad under inspeksjonen:

Merknad 1
Verksemda har ikkje oversikt over kven som er sluttmottakar av organisk avfall

Kommentarar:
Ragn Sells Havbruk hentar ensilasje/kategori 2 biprodukt. Verksemda har ikkje oversikt over kven som tek imot dette avfallet og korleis det vert behandla.

8. Andre tilhøve

Viking Fjord AS er ein del av Alsaker Fjordbruk AS som har hovudkontor på Onarheim. Viking Fjord AS har eigen stab og driv stort sett for seg sjølve sidan aktivitetane ved anlegget er ulike dei som elles går føre seg i konsernet.

Viking Fjord AS har teke i bruk EcoOnline som i tillegg til å vere stoffkartotek, har verktøy for både risikovurdering og substitusjonsvurdering av kjemikal.

Verksemda har innført nytt kvalitetssystem, EQS, og har no fått overført internkontrolldokumentasjonen til det nye systemet. Dette styringssystemet er også teke i bruk i resten av konsernet og gjer det mogleg å samarbeide om å utarbeide overordna dokumentasjon til internkontrollen.

Verksemda nyttar sjekklista «Kontroll og sjekkliste for desinfeksjonsanlegg for prosessvann» for jamleg kontroll av reinseanlegget. Denne lista kan nyttast som utgangspunkt for ein rutine for kontroll av reinseanlegget, som kan inngå i internkontrollen.

Verksemda har utfordringar når det gjeld støy. Sidan det ikkje er lov til å setje sjuk fisk i slaktemerd, må brønnbåtane ligge til kai medan fisken vert slakta. Dette har ført til naboklager då båtane til dels har lege ved kai om natta med motorane i gong. I tillegg har slakta starta svært tidleg om morgonen for at fisken skal kunne nå avgangane for flyfrakt til utlandet. Alsaker Fjordbruk AS har no fått ein ny brønnbåt som skal vere meir stillegående. Viking Fjord AS har starta med SMS-varsling til naboane når det vert kjent at dei må slakte direkte frå brønnbåt. Det skal også arrangerast dialogmøte med naboane når den nye båten er på plass og i drift. Verksemda får også tidvis klager på lukt.

Verksemda har utarbeidd ein varslingsplan knytt til beredskap. Denne planen omfattar m.a. hendingar som gjeld forureining til ytre miljø og akutt utslepp til miljø. For å gjere planen komplett (og brukarvenleg), kan de med fordel ta med telefonnummer og e-postadresse til Statsforvaltaren (57 64 30 00/sfvlpost@statsforvalteren.no).

9. Gjennomføring

Revisjonen vart gjennomført som fjernstilsyn på Teams, utan oppmøte frå Statsforvaltaren på staden. Kontrollen inkluderte følgjande aktivitetar:

- Varsling: verksemda vart varsla om revisjonen per telefon og gjennom brev datert 21. mai 2021.
- Dokumentinnsyn: Statsforvaltaren fekk innsyn i diverse dokument frå Viking Fjord AS sin internkontroll på førehand og undervegs i revisjonen.
- Opningsmøte: Møte med leiinga og andre deltakarar 9. juni 2021
- Intervju: 9. og 10. juni 2021
    - 7 personar vart intervjua
- Verifikasjonar:
    - verksemda tok bilete som viste sortering og lagring av avfall inne og ute
    - verksemda supplerte med fleire dokument som vart sendt på e-post til revisjonsteamet undervegs
- Sluttmøte: Alle avvik og merknader vart gjennomgått med verksemda 17. juni 2021. Det var semje om faktagrunnlaget og teksten som er identisk med kapittel 6 og 7 i denne rapporten.

Liste over alle som deltok på revisjonen er vist i vedlegg 1.

10. Lovunderlag

Lovgrunnlaget for revisjonen var:

- *Lov om vern mot forurensninger og om avfall* (forureiningslova)
- *Lov om kontroll med produkter og forbrukertjenester* (produktkontrollova) §§ 3 og 3a
- *Forskrift om begrensning av forurensning* (forureiningsforskrifta)
- *Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall* (avfallsforskrifta)
- *Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter* (internkontrollforskrifta)
- Løyve til verksemd etter forureiningslova frå Statsforvaltaren datert 21.05.2013

11. Informasjon til verksemda

Regelverk som det vart informert om:

- *Lov om kontroll med produkter og forbrukertjenester* (produktkontrollova) §§ 3 og 3a) som gjeld substitusjonsplikta
- Forskrift om begrensning av forurensning (forureiningsforskrifta), kapittel 20 om levering og mottak av avfall og lasterester frå skip – spesifikt om plikter som gjeld avfallsplanar i hamner
- Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskrifta), kapittel 11 som gjeld farleg avfall
- Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskriften), § 5 andre ledd, punkt 1-8
- Faktaark avfallsplanar i hamner - til verksemder
- M-714 Veileder til utarbeidelse av avfallsplaner i havner

VEDLEGG 1:

Deltakarar ved Statsforvaltaren i Vestland sin revisjon ved Viking Fjord AS 9.og 10. juni 2021

Frå verksemda:

I tabellen under er det ei oversikt over dei personane i verksemda som deltok under førebuinga, opningsmøtet, intervjua og sluttmøtet.

Funksjon	Førebuing	Opnings-møte	Intervju	Sluttmøte
Dagleg leiar		x		x
Kvalitets- og HMS-leiar	x	x	x	x
Produksjonsleiar		x	x	x
Vedlikehaldsleiar		x	x	x
Produksjonsformann		x	x	x
Produksjonsformann/verneombod			x	x
Ansvarleg for reinseanlegget		x	x	x
Samfunnskontakt konsern		x	x	x

Statsforvaltaren si revisjonsgruppe:

- Grete Hamre, revisjonsleiar
- Sissel Storebø, revisor
- Anette Heggøy, revisor

VEDLEGG 2:

Dokumentgrunnlag ved Statsforvaltaren i Vestland sin revisjon ved Viking Fjord AS 9. og 10. juni 2021

Dokument som var spesielt viktige som grunnlag for revisjonen, i tillegg til lovgrunnlaget som er lista opp i kapittel 11:

- Verksemda sine internkontrolldokument – generelt om internkontrollsystemet og spesielt dokument med innhald som viser korleis verksemda arbeider systematisk med forhold knytt til ytre miljø
    - ID: 4932 Om Viking Fjord AS, plassering i verdikjeden, flytskjema ()
    - ID: 4936 Prosessbeskrivelse
    - ID: 4458 Offentlige bestemmelser
    - ID: 4453 Opplæring av personell
    - ID: 4455 Opplæring av nyansatte (skjema)
    - ID: 4599 Opplæring av personell og sikkerhetsansvarlig hos kjent avsender (skjema)
    - ID: 4449 Internkontroll og forbedringssystem
    - ID: 4431 Organisasjonskart Viking Fjord AS
    - ID: 4650 Ansvarsbeskrivelse
    - ID: 4928 Begreper og verktøy brukt i risikovurdering
    - Tekstrapport og risikoelement knytte til ytre miljø
    - ID: 4451 Forbedringssystem – avviksbehandling og korrigerende tiltak
    - Eksempel på avviksrapport
    - ID: 4452 Internrevisjon og kontroll av IK-systemet
    - ID: 4485 Behandling av farlig avfall og kjemi
    - ID: 8038 Behandling av avfall
    - ID: 4592 System for kjemikaliehåndtering
    - Døme frå EcoOnline
    - ID: 4632 Beredskapsplan
    - Varslingsplan
    - ID: 4645 Utslipp til ytre miljø
    - Utsleppstal
    - ID: 4583 Kontroll av prosessvann
    - Xylem: Installasjons-, drifts- og vedlikeholdsmanual
    - Kontroll og sjekkliste for desinfeksjonsanlegg for prosessvann
    - Kart over plassering av utsleppsleidninga
- Bilete frå anlegget
- Deklareringar av verksemda sitt farleg avfall på Avfallsdeklarering.no
- Årlege eigenkontrollrapportar til Statsforvaltaren
- Tidlegare tilsynsrapportar frå Statsforvaltaren: rapportar etter tilsyn 26.04.2012 og 13.06.2017
- Dokument i Statsforvaltaren sitt arkiv, frå tidlegare sakshandsaming og kontakt med verksemda
- Tidsplan for systemrevisjon ved Viking Fjord AS 9.-10. juni 2021